



LINDÅS KOMMUNE

Byggesaksavdelinga

KOPI

Orion Prosjekt AS
Postboks 449 Nesttun
5853 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2312 - 17/35519

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.12.2017

Løyve til igangsetting av grunnarbeid og VA-anlegg - gbnr 188/775 Gjervik ytre

Administrativt vedtak. Saknr: 615/17

Tiltakshavar: Orion Prosjekt AS
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av grunnarbeid og VA-anlegg for felt B8.

Kommunen har i vedtak av 17.10.17 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 07.12.17.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.12.17 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Massehandtering

Det er i gjeldande reguleringsplan for området for Langheiane B8 og B9/planid.a. 1263-201602, § 2.4 jf. § 2.4.1 sett krav til plan for massehandtering. Det er i søknad om igangsetting opplyst estimert mengde sprengstein i område B8 på om lag 19400 m³, der om lag 7100 m³ skal nyttast innanfor felt B8 og 12300 m³ skal borttransporterast til godkjent deponi.

Det er opplyst plan for prøvetaking av massar før dei vert uttransportert til deponi.

Det er ikkje skissert mengde myrjord som skal omfordelast innanfor planområdet evt. transporterast vekk.



Det er i søknad gjort greie for at arbeid knytt til boring, sprengning og borttransportering skal foregå i tidsrommet frå kl. 07.00 til kl. 19.00.

Som ledd i oppfølging av reguleringsplan og sikre forsvarleg handtering av jordmassar og den verdi dei representerer, vert det sett krav om at det ved søknad om ferdigattest/mellombelsbruksløyve vert framlagt kopi av kvittering for levert sprengstein og jordmassar frå deponi som tek i mot massane.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av grunnarbeid og etablering av VA-anlegg på eigedom gbnr. 188/775, felt B8. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 17.10.17 med vilkår gjeld for tiltaket.

Ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve skal følgjande liggje føre:

1. Kvitteringsliste for leverte mengder sprengstein og myr-/jordmassar frå det godkjente deponi som er nytta for handtering av overskytande massar.
2. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan §§ 3.1.1, 3.2.1, 3.2.2 og 3.2.4 skal være oppfylt. Vi gjer merksam på at nokre av rekkefølgjekrava ligg utanfor sjølve felt B8 som td. oppheva gangfelt over Lonsvegen, f_BUT, o_SF2, turvegar i område o_GF1 med fleir.
3. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg.
4. Avkøyrsløse til offentleg veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
5. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
6. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2312

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld

føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagelia 6	5914	ISDALSTØ
Landbruksavdelinga			
Orion Prosjekt AS	Postboks 449 Nesttun	5853	BERGEN
Orion Prosjekt AS	PB 449 Nesttun	5853	BERGEN

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
--	------------	------	----------